

## Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014

Representanten **Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande endringsforslag til pkt. a, Region Nord:

«Fylkestingsvedtak om samlokalisering av Arna vgs og Garnes vgs følges opp».

### Røysting

Rasmussen sitt forslag til pkt. a, Region Nord, fekk 5 røyster (AP/SP) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. Region Nord vart vedteke med 8 røyster (FRP/H/V/KRF).

Fylkesrådmannen sitt forslag til Region Sør og ST Stor-Bergen, Bergen Vest, Region Nord pkt. b og c, og Fagskulen vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

#### Region Sør og ST Stor-Bergen

- a) Avgjerala om framtida til Fana gymnas vert framskunda med eitt år, og forslag til framtidig struktur på studiespesialiserande utdanningsprogram i Stor-Bergen vert lagt fram som politisk sak våren 2015. Fysisk samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs må vurderast i denne samanheng.

#### Bergen Vest

- a) Strukturelle endringar i tilbodsstrukturen i Bergen Vest heng saman med tilbodsstrukturen på ST i Stor-Bergen. Våren 2015 skal det takast ei avgjerd om tilbodet i Bergen Vest. Dette vil innebere at eventuelle strukturelle endringar vil bli sett i verk frå skuleåret 2016/2017.

#### Region Nord

- a) Hausten 2014 starter ein opp arbeidet med ei administrativ samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs
- b) I programmeringsarbeidet for Nye Åsane vgs vert det lagt til grunn at Bygg- og anleggsfag skal vere ein del av tilbodet ved skulen
- c) Programmeringsarbeidet ved Nye Åsane vgs vert midlertidig stoppa til ei nærmare avklaring rundt følgjande forhold, ligg føre:
  - i. Mogleg integrering av avd. Fossane ved Nye Åsane vgs
  - ii. Organisering av yrkesopplæringa ved Nye Åsane vgs. I den samanheng bør det òg gjerast ei samla vurdering av strukturen på yrkesfagtilbodet i Stor Bergen
  - iii. Fordeling av fagtilbod på Tertens vgs og Åsane vgs samt vurdering av trongen for klasserom knytt til dette.
  - iv. Kapasitet på idrettshall ved Tertnes vgs og Åsane vgs og vurdering av kor det eventuelt er mest tenleg å bygge idrettshall i fylkeskommunal regi.

Vurderingane vedkomande Nye Åsane vgs vert lagt fram som ei eiga sak for politisk utval tentativt i desember 2014.

#### Fagskulen

- a) Det skal gjennomførast ei utgreiing av alternativ lokalisering for ein samla fagskule.

Representanten **Dan Femoen** hadde følgjande protokollmerknad:

«Forutsetter at saksgangen kommer tydelig fram i fremtidig saksframlegg».